

ÅRSMELDING TURGRUPPA 2013

Turgruppa: Leiar: Rolf Kleiven

Medlemer: Sigvard Skaar, Linda Hovland, Solveig M. Standnes, Ole Ronny Øen og Arvid Haugen.

Denne turgruppa vart etablert for 4 år sidan for å ta del i Kystarvstiprosjektet i HAFS. Dette prosjektet er i ferd med å ferdiggjere 100 stiar i dei 5 HAFS-kommunane.

2013 har vore prega av mykje praktisk arbeid med dei ulike stiane m. o. t. merking, rydding, brubygging, trapper m.m. Dette arbeidet vil halde fram i 2014, det er rart med slikt arbeid som vert meir av etter kvart som ein jobbar !

1. Fossevikja-Heileberget:

Var ferdig merka i 2011. I år har vi laga ei trapp i overgangen granskog/lauvskog i nederste del av stien. I tillegg har vi hatt vedlikehald på merking, rydding av stien. Stien mellom Otterstein og Fossevikja vert truleg ferdig til våren, vi ventar i desse dagar på underskrivne grunneigaravtalar for igangsetjing av praktisk arbeid. Traseen er bestemt, og det er hyggeleg at turlaget ynskjer å vere med i eit samarbeid om denne stien. Det vert parkering og informasjonstavler på Ottersteinen.

2. Østenstad rundt:

Mykje vart gjort i 2011 og 2012. I 2013 har vi rydda, steinlagt og forbetra stien. I tillegg har vi i år nytta helikopter for å steinsetje den våtaste delen av løypa. Stein i mengder har vi fått av Geir Sande-tusen takk ! Løypa vert utruleg mykje brukt, og er nok den mest populære løypa vår. Den vert brukt som rundløype eller delvis, som til Østenstad eller Grøneholten. Planen for 2014 er noko meir steinsetjing og vanleg vedlikehald. Sidestien til Høgefjellet vil og verte merka, vi har sett opp boks på toppen der.

Noteringar på Jyttilshogjen (sidesti) i 2013: 1250

Noteringar på Østenstad i 2013: 900

Noteringar på Grøneholten i 2013: ca 2500

3. Rakneberg-Jarstadheia:

Ferdig merka i 2011. Vi har no sett opp skilt ved fylkesvegen og på Rakneberg for betre informasjon. Steinsett våte parti, men her bør steinleggast meir i løpet av 2014 i dei våtaste områda. Skilt og benk er kome på toppen.

4. Steiestølen rundt:

Gromløypa vår på Steiestølen held på å ta form, sjølv om vi fortsatt ikkje har merka frå Dyttinga til Taket grunna usemje med grunneigar. Nye skilt er kome opp både ved inngang til løypa og på toppane. Det er no skikkelege boksar med bøker på Taket og Styggeheia. Vi har hatt vedlikehald på merking, maling m.m.

Turgruppa arbeider med alternativ dersom vi ikkje får merke frå Dyttinga.

5. Elvestien:

I år er Elvestien «utvida» frå Jarstadvegen til alleen på Steia. Turgruppa har kjøpt inn 2 benker som skal setjast ut ved elva under Bjergelia i tillegg til den som står frå før. Ein sers populær sti som er eit flott samarbeid mellom Fjaler kommune og turgruppa.

Generelt:

Nok eit kjekt år i ålmenta si interesse. Turgruppa får stadig flotte tilbakemeldingar, og det er ei sann glede å arbeide med dette. Her er mange som skulle vore nemnt og takka, men det vert for vanskeleg å lage den lista. Jau, ein må nemnast: Svein Magne Myklebust som er byggeleiar i stiprosjektet for bruer, trapper når kompetansen til leiaren ikkje strekk til. Turgruppa vil få takke kvar einskild som har bidrege i arbeidet, også dei som nyttar stiane og med det gjev oss tilbakemelding.

Arbeidet vil halde fram i 2014 med meir merking, steinlegging, vedlikehald, skilting, oppsetting av informasjonstavler m. m.

Verdt å nemne er at prosjektet har for sal kart der alle stiane i Fjaler og Hyllestad er innlagde.

Takk til alle medlemene i gruppa for vel utført arbeid i 2013 og at de held ut med meg som leiar.

Stor takk til Sparebankstinga Fjaler for støtte til prosjektet.

Turgruppa Dale I.L.

Rolf Kleiven

-fortsatt nøgd leiar